

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Møtestad: Teams
Møtedato: Torsdag 31.10.2024
Tid: 11⁰⁰ – 14⁰⁰
Handsama saker: 4/24 – 9/24
Tilstades: Pål Rørby, Hemsedal kommune, leiar
Merete Gandrud, Flå kommune, nestleiar
Solveig Vestenfor, Ål kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Anne Kari Eriksen, Nesbyen kommune

Forfall: -

Andre: Håkon Myro, styreleiar
John Bjella, brannsjef

Diverse merknadar: ingen

Underskrifter:
Stad: Torpomoen
Dato: 31.10.2024


Pål Rørby
leiar


John Bjella
brannsjef

Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 04/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 05/24	Budsjett 2025
Sak 06/24	Utvikling av kurs- og øving for brannvesenet på Torpomoen
Sak 07/24	Utgreiing av moglege samarbeid
Sak 08/24	Styregodtgjering 2024 og 2025
Sak 09/24	Eventuelt



SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

4/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak i Representantskapet:

Innkalling og sakliste vart godkjent

5/24 Budsjett 2025

Saksopplysningar:

Det har vore auke på 60% i oppdrag frå 2016 til 2023, sidan 78% av kostandane er lønn har dette ført til høge kostnader som har gjort at HBR i same periode har hatt meirforbruk som er dekkja av disposisjonsfondet. Pr. 31.12.2023 var det ca. 550.000 på disp.fondet.

HBR opplever at eigarane har god forståing for at kostnadsauken som følgje av auka oppdrag, og har i same periode vedteke auke i budsjetta i tråd med dette. Men utfordringa er at me kvart år ikkje har budsjettert med så stor auke i kostnadene som den auka oppdragsmengda har medført. I budsjettet for 2024 vart det vedteke ei vesentleg auke på 11,8% i budsjettet for å ta igjen etterslepet. Dei budsjetterte kostnadene i 2024 var likevel ca. 2 millionar lågare enn kostnadene i 2023.

Dette til tross for at HBR har halvert talet på øvingstimar frå 60 timar i 2018 til 30 timar i 2023 og 2024 for å spare kostnader. Samstundes har det kome fleire nye fagområde som følgje av det grøne skiftet og klimaendringane (batteri, solcelle, el-bilar, ras/skred), i tillegg har det vorte vesentleg fleire underjordiske parkeringsanlegg som krev meir øving for å kunne handtere ein potensiell brann. Samt at det har vorte meir fokus på CBRNE (farleg stoff) på bakgrunn av den sikkerheitspolitiske situasjonen.

Som følgje av at det er mange driftskostnader me ikkje kan påverke har HBR valt å ta dei kostnadsreducerande tiltaka på innkjøp av utstyr, og då spesielt verneutstyr fordi det er så kostbart. Det har medført eit vesentleg etterslep på utskifting av verneutstyr. Men det er nyleg valt å måtte ta kjøpe inn verneutøyt for kr. 400.000 i 2024, og det er budsjettert med auke på denne posten i 2025.

Lønnskostnader:

Kravet basert på dei oppdragstypene me har i dag er 101 øvingstime pr. tilsett (sjå vedlegg). I budsjettet for 2024 legg me opp til ei opptrapping til 60 øvingstimar i 2025. Dette utgjer ei auke på 675.000,- + sosiale utgifter.

Det er elles lagt inn lovpålagt grunnkurs for 15 tilsette, kravet er at dei skal ha kurset innan to år etter tilsetting. Kurset arrangerer me sjølv på Torpomoen, i regi av Norges Brann- og redningsskole. Det er deltakar frå fleire andre brannvesen på kurset. Kostnaden er 625.000,- på lønn. I tillegg kjem det driftskostnader på posten «Felleskurs», mykje av dette kjem igjen som inntekt fordi det vert delt på alle dei andre brannvesena som har deltakar på kurset

I tillegg er det lagt inn kostnader på anna påkrevd kompetanse (sjå kompetansebehov i vedlegget) Det meste av dette har me gjennomført før om åra, men det nye frå 2025 er krav til sikkerheitskurs på båt. Dette har ein kostnad på kr. 84.000,- på lønn, og 255.000,- i kursavgift (kursavgift kjem under posten «opplæring»)

Totalt utgjer desse tiltaka ei auke på kr. 1.384.000,- i lønn (postert under «Anna lønn»). Utover det er det lagt inn 4,6% lønsauke på alle lønnskostnader.

Driftskostnader:

For å dekkje kravet til røykdykkarane måtte me kjøpe nytt verneutstyr for kr. 400.000 i 2024. Etter registreringar ser me at levetida på eit sett med røykdykkarklede har ei levetid på 5 år. Det er difor lagt opp til innkjøp av verneutstyr for kr. 524.000,- i 2025. Det er ei budsjettauke på kr. 274.000,-

Det er også lagt inn ein auke på kr. 288.000 i 2025 på etterslep og behov innan røykdykkarutstyr og brann- og redningsverktøy. Sjå vedlegg.

Det er ei auke i husleige som er lovpålagt garderobeanlegg for kursverksemda for eigne og eksterne kurs på kr. Auken på kr. 84.000,- inkluderar også auke på 5,2% (deflator). I tillegg er det auke på leasing av barrierevaskemaskin på kr. 65.000,-. At me har dette på plass har auka tala på kurs og inntektene på det vesentleg, inntektene dekkjer inn denne kostnadsauken.

Det er lagt inn ei auke på kr. 279.000,- på driftsutgifter til transportmidlar. Dette er forsikringar, service, reparasjonar, dekk, og drivstoff. Årsaka er at denne posten har vore for lågt budsjettert, samt at prisauken gjer sitt til at det aukar.

Elles er det lagt inn ei auke på kr. 200.000,- på kostnader til 110-sentralen. Det er kostnadsauke blant anna pga. nytt oppdragshandteringsutstyr på sentralen. Det medførte auke også i 2023, som då ikkje vart budsjettert høgt nok. Det er difor ein kombinasjon av for lågt budsjettert i 2024 og auke i 2025.

Det er lagt inn ein generell kostnadsauke på 5,2% på driftskostnadene (kommunal deflator). Auken på det som er kommentert på dei ulike postane over er inkludert 5,2% auke.

Representantskapet har bede om at det vert utarbeidd ein 5-årsplan for å ta inn etterslep på øvingar og verneutstyr. Denne planen er vedlagt og vert vist til over i forklaring av kostnadsauken.

Inntekter:

Det er lagt inn 3 millionar i inntekter på kurs, fakturering av unødige brannalarmer og utrykking på ikkje lovpålagte oppdrag, samt service av nøkkelboksar. Det er ein auke på 2,5 millionar i budsjettet for 2025.

Ein del av inntektsauken er dekking av budsjetterte kostnader med grunnkurs der me har med kursdeltakar frå andre brannvesen, i tillegg til våre eigne. Det er også budsjettert med ei auke i andre brannrelaterte kurs. Og det er lagt inn å auke i gebyret for utrykking på unødige brannalarmer.

Totalt utgjer det ein budsjettauke på 8,03% der eigarbidraget aukar frå kr. 30.881.090,- til kr. 33.359.861,-

Totalbudsjettet på kr. kr 33.359.861,- utgjer følgende pr. kommune:

Kommune	Eigarandel*	Kostnad 2025	auke frå 2024
Hemsedal	21,46	kr 7 159 026	kr 531 944
Gol	24,71	kr 8 243 222	kr 612 505
Ål	23,40	kr 7 646 080	kr 568 134
Nesbyen	18,40	kr 6 131 542	kr 455 598
Flå	12,58	kr 4 179 991	kr 310 590
		kr 33 359 861	

Saksgang:

Brannsjefen si tilråding til vedtak i styret:

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 33 779 861,-. For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 742 344
 - b. Gol: kr 8 347 004
 - c. Hemsedal: kr 7 249 158
 - d. Nesbyen: kr 6 208 738
 - e. Flå: kr 4 232 617
2. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
3. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Vedtak i styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks:

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 33 779 861,-. For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 742 344
 - b. Gol: kr 8 347 004
 - c. Hemsedal: kr 7 249 158
 - d. Nesbyen: kr 6 208 738
 - e. Flå: kr 4 232 617
2. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.
3. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Etter styremøtet vart det gjennomført møte mellom kommunedirektørane, brannsjef og styreleiar:

Kommunedirektørane hadde følgande innspel (i korte trekk):

- Dei ber HBR sjå nøyare på om det er realistisk å auke inntektene utover det som er framlagt i budsjettforslaget.
- Dei ber HBR sjå nøyare på posten driftsutgifter til transportmidlar for å redusere den.
- HBR må fortsette å fakturere kostnad med oppdrag som ikkje er innanfor brannvesenet sitt lovpålagte område.

Etter møtet vart inntektene auka med kr. 360.000,- og posten driftsutgifter til transportmidlar vart redusert med kr. 60.000,-. Totalt utgjorde det ein reduksjon på kr. 420.000,- i budsjettet til eit totalbudsjettet på kr 33.359.861,-

Endeleg framlegg til vedtak i rep.skapet er etter dette:

1. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 33.359.861,-. For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 646 080
 - b. Gol: kr 8 243 222
 - c. Hemsedal: kr 7 159 026
 - d. Nesbyen: kr 6 131 542
 - e. Flå: kr 4 179 991
2. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.

3. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet til endeleg godkjenning.

Behandling i rep.skapet: Representantskapet ber om at tabellen i saksopplysningane oppdaterast (den er oppdatert i dette referatet).

Vedtak i representantskapet:

1. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 33.359.861,-. For kvar einskild eigar utgjer kostnaden:
 - a. Ål: kr 7 646 080
 - b. Gol: kr 8 243 222
 - c. Hemsedal: kr 7 159 026
 - d. Nesbyen: kr 6 131 542
 - e. Flå: kr 4 179 991
2. Handlings- og økonomiplan vert godkjent slik den er framlagt.

Vedlegg:

- **Exel-dokument budsjett 2025**
- **Handlings- og økonomiplanen 2025-2027**
- **Budsjett 2025, kurs, øvingar og utstyr i beredskapsavdelinga**
- **Budsjett 2025, lønnskostnader overtid og anna lønn**
- **5-års plan kurs og øvingar**
- **5-års plan utstyr**
- **Oversikt krav til øvingar**

6/24 Utvikling av kurs- og øving for brannvesenet på Torpomoen

Saksopplysningar:

HBR arbeider for å kunne fortsette å kurse eigne tilsette på lovpålagte kurs i regi av Brann og redningsskolen. Me er godkjent for det i dag. Men det er foreslått at slik øving i framtida skal skje på regionale kurssenter i kvart 110-distrikt. Det vil medføre stor kostnadsauke å sende alle våre nyttilsette ut av dalen på kurs, samt at det vil være ei utfordring i forhold til hovudarbeidet til dei tilsette. I dag har me ein turnover på ca. 10% i året, dvs. ca. 9 nyttilsette pr. år som skal kursast, og i tillegg til det er det ca. 3-4 i året i snitt som må kursast som utrykkingsleiarar.

For å styrke posisjonen vår i forhold til dette så har me arbeidd med å etablere eit øvingscenter på klimaskapte hendingar. Vår evaluering etter «Hans» viser at me manglar kompetanse på innsats ved blant anna samanraste bygg. Fem av dei store brannvesena i Noreg har dette som spesialteneste (USAR). Desse brannvesena manglar også øvingsfelt spesielt rette mot dette, og samtlege er positive til eit øvingsfelt lokalisert på Torpomoen. Me har også vore i kontakt med FORF (Frivillige Organisasjoners Redningsfaglige Forum), som dekkjer alle frivillige redningsorganisasjonar i Noreg (eks. Røde Kors, Norsk Folkehjelp, Norske redningshundar o.l.). FORF ser også eit stort behov for eit slikt øvingsfelt.

Stortingsmeldinga om Brann og redning vurderar behov for at USAR vert ein nasjonal ressurs, fordi det i dag er basert på fem kommunar som i praksis dekkjer Noreg med denne ressursen. I samanheng med dette har me vore i kontakt med leiinga i Brann og redningsavdelinga i DSB. Dei er også svært positive til ei slik etablering. Dei meiner det er viktig å etablere dette i samarbeid med Brann og redningsskolen. Brann og redningsskolen er også veldig positive til dette (dei er organisert under DSB)

Det er ikkje HBR si oppgåve å ta kostnader med eit slikt øvingsfelt. Difor er me avhengige av å søkje økonomisk støtte frå stiftingar og liknande. Men sidan me er eit offentleg eigd selskap så kvalifiserar me ikkje til å søkje slike midlar.

Gjensidigestiftelsen har for eksempel følgjande strategi: «Sammen med frivilligheten, myndighetene og andre med sammenfallende mål, skal vi skape utvikling og resultater på disse områdene: (...)God beredskap – forebygge, redde liv og verdier»

For å koma vidare med å søkje midlar til forprosjektet er løysinga å etablere eit eige selskap med HBR, Torpomoen Utvikling og Torpomoen Eigedom som deltakarar, der me går inn med 50.000,- i aksjekapital kvar. Det er då viktig at det er tydeleg skrive i vedtekter og aksjonæravtale at HBR ikkje skal ha kostnader på eit slikt selskap. Men på sikt kan det være aktuelt at HBR kan få inntekter frå selskapet.

Styret har handsama saka og tilrår for rep.skapet å etablere selskapet og gå inn med kr. 50.000,- aksjekapital.

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Styret vedtek at HBR vert deltakar i eit nyoppretta selskap for å skilje ut utvikling av USAR øvingsområde, og at aksjekapital på kr. 50.000,- vert dekt over drift.

Vedtak i styret

Styret vedtek at HBR vert deltakar i eit nyoppretta selskap for å skilje ut utvikling av USAR øvingsområde, og at aksjekapital på kr. 50.000,- vert dekt over drift.

Vedtak i Representantskapet:

Representantskapet vedtek at HBR vert deltakar i eit nyoppretta selskap for å skilje ut utvikling av USAR øvingsområde, og at aksjekapital på kr. 50.000,- vert dekt over fondsmidlar.

7/24 Utgreiing av mogelege samarbeid

Saksopplysningar:

Brann og redningsvesenet har vore i stor endring dei siste åra. Krava frå myndigheitene aukar for kvart år, samfunnet forventar meir av oss, og endringar i tida har ført til svært mange nye fagområde me skal kunne handtere. Det gjer at det er utfordrande å handtere for ein liten administrasjon. Og det ser ut til at det vert endå meir krevjande framover.

I samband med dette har brannsjef og varabrannsjef i HBR og Ringerike snakka om korleis me saman kan samarbeide framover til nytte for begge brannvesena. Me ser mange samarbeidsområder som kan gjere at me saman kan møte desse endringane på ein betre måte enn kvar for oss. Til dømes å dele måtar me arbeider på, dele prosdyrar, samarbeide om spesielt og dyrt utstyr, felles innkjøpsavtalar for å få betre vilkår, samarbeid om felles opplæring av deltidsmannskap, men ikkje minst samarbeid om operativ leing i store hendingar. Det kan også medføre kostnadsbesparing.

Samarbeid kan være alt frå fagleg uforpliktande samarbeid, til meir forpliktande, til felles IKS. For å kartlegge mogelegheitene meiner me det bør det gjerast ei utgreiing av mogelege samarbeidsområder.

Styret tilrår i vedtaket å seta av midlar for ei slik utgreiing i budsjettet for 2025. Men styret snakka også om at med stor kostnadsauke kan det være fornuftig at administrasjonane i brannvesena gjer arbeidet sjølv.

Brannsjefen si tilråding til vedtak

Styret tilrår at Representantskapet handsamar saka om samarbeid mellom HBR og Ringerike Brann og redning, og set av midlar til ei utgreiing av samarbeidet i budsjettet for 2025.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Styret tilrår at Representantskapet handsamar saka om samarbeid mellom HBR og Ringerike Brann og redning, og set av midlar til ei utgreiing av samarbeidet i budsjettet for 2025.

Vedtak i representantskapet:

Representantskapet ber styret greie ut eit mogeleg samarbeid mellom HBR og Ringerike Brann og redning.

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Godtgjering til styret er ikkje handsama og endra sidan 10. november 2021, gjeldande for 2021 og 2022.

Då vart følgjande godtgjersler vedteke:

1. Fast godtgjering for styremedlemmer: kr. 10.000,-
2. Godtgjering for styreleiar: kr. 25.000,-
3. Godtgjering pr. møte: kr. 1.500,-
4. Tapt ulegimentert arbeidsinntekt pr. time skal følge Ål kommune sine satsar.
5. Tapt legimentert arbeidsinntekt (maks) kr. 3.500,-
6. Møtande varamedlemmer får godtgjering pr. møte

Satsane gjeld for 2021 og 2022.

På bakgrunn av det vert det foreslått følgjande satsar for 2024 og 2025:

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtek følgjande styregodtgjering for 2024 og 2025:

1. Fast godtgjering for styremedlemmer: kr. 15.000,-
2. Godtgjering for styreleiar: kr. 33.000,-
3. Godtgjering pr. møte: kr. 1.700,-
4. Tapt ulegimentert arbeidsinntekt pr. time skal følge Ål kommune sine satsar.
5. Tapt legimentert arbeidsinntekt (maks) kr. 4.000,-
6. Møtande varamedlemmer får godtgjering pr. møte

Vedtak i representantskapet:

Representantskapet vedtek følgjande styregodtgjering for 2024 og 2025:

1. Fast godtgjering for styremedlemmer: kr. 15.000,-
2. Godtgjering for styreleiar: kr. 33.000,-
3. Godtgjering pr. møte: kr. 1.700,-
4. Tapt ulegimentert arbeidsinntekt pr. time skal følge Ål kommune sine satsar.
5. Tapt legimentert arbeidsinntekt (maks) kr. 4.000,-
6. Møtande varamedlemmer får godtgjering pr. møte

Administrasjonen skal kartlegge nivået på styregodtgjering i samanliknbare selskap, som grunnlag for styregodtgjering i 2026 og framover.

Vedlegg:**Saksopplysningar**

Det var ingen saker på eventuelt